



DET KONGELEGE  
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

# Prop. 9 L

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

Endringer i folketrygdlova  
og enkelte andre lover  
(oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2024)



# Innhald

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen</b> .....	<b>5</b>	<b>5</b>	<b>Retting av feil, presiseringar og lovtekniske endringar</b> .....	<b>20</b>
<b>2</b>	<b>Endringar i reglane om ventetid for dagpengar – folketrygdlova § 4-9</b> .....	<b>7</b>	<b>5.1</b>	Oppheving av ein midlertidig heimel til å gi særreglar om retten til dagpengar under utdanning – folketrygdlova § 4-6 fjerde ledd .....	<b>20</b>
2.1	Innleiing og bakgrunn .....	7		Retting av feil i folketrygdlova § 8-9 tredje ledd .....	<b>20</b>
2.2	Gjeldande rett .....	7	<b>5.2</b>	Oppheving av ein midlertidig særregel for mottakarar av arbeidsavklaringspengar – folketrygdlova § 11-12 a .....	<b>21</b>
2.3	Høyring .....	8	<b>5.3</b>	Retting av lovteknisk feil i regel om barnetillegg til personar som mottek uføretrygd – folketrygdlova § 12-15 .....	<b>21</b>
2.4	Vurderingar og forslag .....	9	<b>5.4</b>	Presiseringar i lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs i samband med at innaskjers yrkesdykkarar får endra vernelov frå skipsarbeidslova til arbeidsmiljølova ....	<b>21</b>
2.4.1	Nærmare om bakgrunnen for endringsforslaget .....	9		Innleiing og bakgrunn .....	<b>21</b>
2.4.2	Forholdet til internasjonale plikter .....	11		Gjeldande rett .....	<b>21</b>
2.5	Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar .....	11	<b>5.5</b>	Ny vernelov for innaskjers yrkesdykkarar tilsett på skip under 100 tonnasjeiningar/ registertonn brutto .....	<b>22</b>
<b>3</b>	<b>Lovfesting av praksis for ny berekning av dagpengegrunnlaget i samband med gjenopptak – folketrygdlova § 4-16</b> .....	<b>12</b>	<b>5.5.1</b>	Vurdering og forslag .....	<b>22</b>
3.1	Innleiing .....	12	<b>5.5.2</b>	Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar .....	<b>23</b>
3.2	Gjeldande rett .....	12	<b>5.5.3</b>	Presisering i tilleggslov til lov om Statens pensjonskasse for medlemmer av Høgsterett .....	<b>23</b>
3.3	Vurderingar og forslag .....	12		Innleiing og bakgrunn .....	<b>23</b>
3.4	Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar .....	13		Gjeldande rett .....	<b>23</b>
<b>4</b>	<b>Endringar i retten til barnetillegg til arbeidsavklaringspengar og uføretrygd når barnet har eiga inntekt – folketrygdlova §§ 11-20 og 12-15</b> .....	<b>14</b>	<b>5.6</b>	Vurderingar og forslag .....	<b>23</b>
4.1	Innleiing og bakgrunn .....	14		Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar .....	<b>24</b>
4.2	Gjeldande rett .....	14	<b>5.6.1</b>	Retting av feil i lov 18. desember 2020 nr. 139 om endringer i folketrygdloven (nye etterlatteytelser) § 18-3 andre ledd bokstav b .....	<b>24</b>
4.2.1	Arbeidsavklaringspengar .....	14	<b>5.6.2</b>		
4.2.2	Uføretrygd .....	15	<b>5.6.3</b>		
4.3	Høyring .....	15	<b>5.6.4</b>		
4.4	Vurderingar og forslag .....	17	<b>5.7</b>		
4.4.1	Nærmare om bakgrunnen for endringsforslaget .....	17			
4.4.2	Forholdet til internasjonale plikter .....	19			
4.5	Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar .....	19			

<b>6</b>	<b>Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget</b> .....	26	6.4	Endringa i lov 18. desember 2020 nr. 139 om endringer i folketrygdloven .....	27
6.1	Endringa i lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs .....	26	6.5	Føresegna om ikraftsetjing og overgangsreglar .....	28
6.2	Endringane i lov om folketrygd .....	26		<b>Forslag til lov om endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2024)</b> .....	29
6.3	Endringane i lov om tillegg til lov om Statens pensjonskasse .....	27			



DET KONGELEGE  
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

# Prop. 9 L

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2024)

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 3. november 2023,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Arbeids- og inkluderingsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i:

- Lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs
- Lov 21. mai 1982 nr. 25 om tillegg til lov 28. juli 1949 om Statens pensjonskasse
- Lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd
- Lov 18. desember 2020 nr. 139 om endringar i folketrygdloven (nye etterlatteytelser)

Dei følgande lovendringane er nødvendige som følge av forslag som er lagt fram i forslaget til statsbudsjett for 2024, Prop. 1 S (2023–2024) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet:

- endringar i reglane om ventetid for dagpensar – folketrygdlova § 4-9
- endringar i reglane om ny berekning av dagpensgrunnlaget i samband med gjenopptak etter folketrygdlova § 4-16, som inneber at gjeldande praksis blir lovfesta
- endringar i retten til barnetillegg til arbeidsavklaringspensar og uføretrygd når barnet har eiga inntekt – folketrygdlova §§ 11-20 og 12-15

Det blir også foreslått enkelte rettingar, presiseringar og lovtekniske justeringar. I folketrygdlova § 4-6 fjerde ledd blir ein midlertidig heimel til å gi særreglar om rett til dagpensar under utdanning som gjaldt under koronapandemien, oppheva. I folketrygdlova § 8-9 blir ein inkurie retta opp. Vidare blir folketrygdlova § 11-12 a oppheva som følge av at ei midlertidig overgangsordning for arbeidsavklaringspensar ikkje gjeld lenger. I lov 18. desember 2020 nr. 139 om endringar i folketrygdloven (nye etterlatteytelser) blir ein feil i § 18-3 andre ledd om trygdetid retta opp.

I lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs, foreslår departementet ei presisering av gjeldande rett, som sikrar medlemskapet i ordninga for innaskjers dykkarar som blir tilsette på skip mindre enn 100 tonnasje-einingar/register tonn brutto etter at skifte av vernelov frå skipsarbeidslova til arbeidsmiljølova, er sett i verk.

I lov 21. mai 1982 nr. 25 om tillegg til lov 28. juli 1949 om Statens pensjonskasse blir det presisert at alderspensjon for dommarar i Høgsterett som har pensjonsrett etter lova, det vil seie dei som

blei utnemnd til medlem av Høgsterett før 1. januar 2011, skal følge reglane om alderspensjon etter kapittel 5 i lov om Statens pensjonskasse.

Etter utgreiingsinstruksen punkt 3-3 femte ledd, kan ein unnlate å høyre forslag som gjeld statsbudsjettet, da dei kan vere unntatt frå offentlegheit etter offentleglova § 22. Dei forslaga som følger av framlegget til statsbudsjett, har ikkje vore på høyring, med unntak av forslaga til endringar i folketrygdlova §§ 4-9, 11-20 og 12-15 som har vore på høyring.

Lovforslag som ikkje inneber nokon realitet-sendringar, treng inga høyring. Dei forslaga dette gjeld, har ikkje vore på høyring fordi høyring da må reknast som «åpenbart unødvendig» jf. utgreiingsinstruksen punkt 3-3 andre ledd tredje kulepunkt. Forslaget om endringar i lov om tillegg til lov 28. juli 1949 om Statens pensjonskasse er også vurdert å vere «åpenbart unødvendig» å sende på høyring.

## 2 Endringar i reglane om ventetid for dagpengar – folketrygdlova § 4-9

### 2.1 Innleiing og bakgrunn

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å erstatte gjeldande reglar om ventetid på tre dagar innanfor ein referanseperiode på 15 dagar før dagpengeutbetalingane startar, med ei ventetid i form av ein eigenandel som svarar til tre gongar den dagsatsen den enkelte dagpengemottakaren har. Denne eigenandelen blir trekt i den eller dei første utbetalinga(-ne).

Bakgrunnen for endringsforslaget er at det etter dei gjeldande reglane kan ta lang tid å få avvikla ventetida dersom dagpengemottakaren tar arbeid eller ikkje fyller vilkåret om å vere reell arbeidssøkar i delar av referanseperioden. I mange tilfelle fører det til tap av dagpengeretten. I tillegg er reglane kompliserte og vanskelege å forstå for brukarane og krevjande for Arbeids- og velferdsetaten å rettleie om og administrere. Med denne endringa vil dei som tar eit midlertidig arbeid kort tid etter at dagpengane er innvilga, ikkje lenger risikere tap av ytinga som følge av at dei må fremme ein ny dagpengesøknad fordi ventetida ikkje er avvikla. Dermed vil det i større grad lønne seg å ta arbeid også i starten av ein dagpengeperiode. I tillegg inneber endringa ei forenkling som vil lette saksbehandlninga. Forslaget legg betre til rette for digitalisering og gjer at færre treng å rette seg til Arbeids- og velferdsetaten med spørsmål og klager.

### 2.2 Gjeldande rett

Retten til dagpengar er regulert i folketrygdlova kapittel 4 Dagpengar under arbeidsløyse. For å få dagpengar må ein vere medlem av folketrygda, ha tapt arbeidsinntekt som følgje av arbeidsløyse og som hovudregel, ha opphald i Noreg, sjå folketrygdlova §§ 4-1 til 4-2. Etter folketrygdlova § 4-3 må arbeidstida ha blitt redusert med minst 50 prosent samanlikna med arbeidstida før arbeidsløysa. For å få dagpengar må den tidlegare arbeidsinntekta etter folketrygdlova § 4-4, svare til minst 1,5 gongar grunnbeløpet i folketrygda (G) dei siste

12 kalendermånadene før dagpengesøknaden er fremma, eller minst 3 G innanfor dei siste 36 kalendermånadene før søknaden. Eit grunnleggjande vilkår for rett til dagpengar er vilkåret om å vere reell arbeidssøkar, sjå folketrygdlova § 4-5. Det inneber at ein aktivt må søke arbeid og vere villig og i stand til å ta arbeid på heil- eller deltid, kor som helst i landet.

Etter folketrygdlova § 4-9 blir dagpengane først utbetalt når ein arbeidssøkar har vore arbeidslaus og meldt til Arbeids- og velferdsetaten som reell arbeidssøkar i minst tre av dei siste 15 dagane. Laurdag og søndag blir ikkje rekna med. Alle vilkåra for rett til dagpengar må vere oppfylt i heile ventetida på tre dagar innanfor femtendagarsperioden, også kravet om å vere reell arbeidssøkar. Det betyr at ventetida ikkje blir avvikla dersom arbeidssøkaren er sjuk, har ferie eller arbeider meir enn 50 prosent av den vanlege arbeidstida si.

Ventetida kan tidlegast starte frå det tidspunktet medlemmen er innvilga dagpengar. Dagpengeperioden, jf. folketrygdlova § 4-15, tar til frå og med dagen etter at ventetida er ferdig avvikla.

Reglane om ventetid gjeld berre ved ein ny søknad om dagpengar. Det vil seie at det ikkje er noka ny ventetid når stønadmottakaren tar opp att ei dagpengesak som midlertidig har vore stansa, til dømes på grunn av arbeid, sjukdom eller ferie, etter reglane i folketrygdlova § 4-16.

Dei som får dagpengar ved permitteringar i fiske- og sjømatindustrien, er unntatt frå ventetidsreglane, sjå forskrift 16. september 1998 nr. 890 om dagpenger under arbeidsløshet (dagpengeforskrifta) § 6-7. Det har samband med at det ikkje gjeld noka lønnsplikt under permittering for desse.

Ventetida er dels meint å vere ein eigenandel for dei som søker om dagpengar, og skal motivere til å komme raskt i nytt arbeid, til dømes søke aktivt etter ny jobb også i ein oppseiingsperiode. Dels har ventetidsreglane ein administrativ grunn: Dersom ein dagpengesøkar får så mykje arbeid rett etter at dagpengesøknaden er sendt at ventetida ikkje blir avvikla innanfor referanse-

perioden på femten dagar, vil dagpengeperioden ikkje kunne starte, og saka vil bli avslutta. Ventetidsreglane kan bidra til at det ikkje blir starta dagpengesaker og utbetalt dagpengar i dei tilfella kor arbeidssøkaren kort tid etter arbeidsløysa er tilbake i arbeid. Ventetidsreglane kan også bidra til at oppsagde skaffar seg nytt arbeid i oppseiings-tida og unngår periodar som arbeidslause.

### 2.3 Høyring

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sende eit forslag til endringar i ventetidsreglane på høyring 10. mai 2023, til følgande høyringsinstansar:

Departementa

Arbeids- og velferdsdirektoratet  
Trygderetten

Akademikerne  
Arbeidsgiverforeningen Spekter  
Garantikassen for fiskere  
Hovedorganisasjonen Virke  
KS – Kommunesektorens organisasjon  
Landsorganisasjonen i Norge – LO  
NHO – Næringslivets hovedorganisasjon  
Unio  
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund – YS

I høyringsnotatet går det fram at departementet har vurdert to alternative forenklingar i reglane om ventetid. Det eine forslaget gjekk ut på å rekne ventetida som dei tre første kalenderdagane etter at dagpengane er innvilga (unntatt laurdag og søndag), dvs. frå verknadstidspunktet. Det ville vere enklare å forstå og forvalte enn dei gjeldande reglane. Ei slik berekning ville innebere ei avvikling av ventetida utan omsyn til om kravet om å vere reell arbeidssøkar og dei andre vilkåra for rett til dagpengar er oppfylt eller ikkje.

Ei vesentleg innvending mot å berekne ei ventetid utan å ta omsyn til om vilkåra for rett til dagpengar er oppfylt i ventetida, er at heilt og delvis arbeidslause da ville få ein ulik eigenandel. Dei som har mykje arbeid eller er sjuke eller har anna fråvær (ferie m.m.), ville i realiteten ikkje få nokon eigenandel, fordi dei uansett ikkje ville fått dagpengar i dei tre dagane. Det ville gi rom for tilpassingar, og kunne samtidig virke lite rimeleg. Departementet tilrådde derfor ikkje ei slik løysing.

I staden foreslo departementet å gjere om ventetida til ein eigenandel som svarar til tre gongar dagsatsen til den enkelte dagpengemottakaren, som blir trekt i den eller dei første dagpengeutbetalingane. Ein slik eigenandel vil treffe dagpengemottakarane likt.

Følgande høyringsinstansar har svart at dei ikkje har merknadar:

Forsvarsdepartementet  
Justisdepartementet  
Kommunal- og distriktsdepartementet  
Samferdsledepartementet

Følgande høyringsinstansar har merknadar:

Arbeids- og velferdsdirektoratet

Landsorganisasjonen i Norge – LO  
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund – YS

Privatperson Per-Olav Elshaug

Alle instansane som ga høyringssvar, støtta endringsforslaget. *Arbeids- og velferdsdirektoratet* foreslo at det i lovteksta må gå klart fram at «dagsatsen», jf. folketrygdlova § 4-12, også omfattar eit eventuelt barnetillegg.

*LO* viste til at reguleringa av ventetida etter § 4-9 og av forlenga ventetid etter folketrygdlova § 4-10 blir ulik med den foreslåtte endringa, og at dersom ikkje også § 4-10 endrast no,

«[-] bør det klargjøres hvordan reglene praktiseres, slik at det blir tydelig for søkerne hvordan dagpengene beregnes i de ulike tilfellene.»

*LO* viste elles til det tidlegare innspelet deira om behovet for ei samla gjennomgang av ulike trygdeytningar, med sikte på å styrke velferdspilaren i den norske modellen. *LO* viste også til at dagpengeordninga ikkje er spesielt raus og bør bli styrka. *YS* støttar også forslaget, gitt at det framleis skal vere ein eigenandel i dagpengeordninga. *YS* meiner likevel at dagpengane også utan ein slik eigenandel, gir sterk motivasjon til å skaffe seg arbeid raskt, sidan dagpengane har ein lågare kompensasjonsgrad enn dei andre folketrygdytingane. Dei som har hatt dei lågaste inntektene får ei «dobbel ulempe» gjennom ventedagane.



## 2.4 Vurderingar og forslag

### 2.4.1 Nærmare om bakgrunnen for endringsforslaget

Mellom 65 og 80 prosent av dei som søker dagpengar, er heilt arbeidslause. Desse vil som regel avvikle ventetida dei tre første dagane etter at dagpengane er innvilga. Sidan dagpengane blir gitt for fem dagar i veka – måndag til og med fredag – kan ventetida berre bli avvikla på desse veke-dagane. Til tross for at det i dagpengevedtaket blir opplyst om ventetida, er det mange som ikkje forstår kvifor dei får utbetalt mindre enn full dagpengesats på den første utbetalinga. Dette er likevel nokså enkelt å forklare.

For dagpengesøklarar som er delvis arbeidslause, kan dei gjeldande reglane for berekning av ventetida vere svært vanskeleg å forstå. Dette skuldast mellom anna at nokre av vilkåra for rett til dagpengar, som til dømes kravet om minst 50 prosent arbeidstidsreduksjon, ikkje blir vurdert *per dag*, men for heile meldeperioden på fjorten dagar.

Dagpengesøkaren må altså ha hatt minst 50 prosent arbeidstidsreduksjon innanfor meldeperioden for å kunne få berekna ventedagane. Har dagpengesøkaren arbeidd meir enn 50 prosent av si fastsette vanlege arbeidstid i meldeperioden, blir det ikkje berekna nokon ventedagar. Da blir heller ikkje ventetida avvikla. I tillegg blir reglane ytterlegare kompliserte av at referanseperioden på femten dagar for berekning av ventetida ikkje korresponderer med meldeperioden på fjorten dagar.

Vilkåret om minst 50 prosent arbeidstidsreduksjon innanfor meldeperioden, inneber at særleg dei delvis arbeidslause eller delvis permitterte dagpengemottakarane kan få problem med å avvikle ventetida. Det skuldast at avviklinga av ventetida avheng av kva for dagar innanfor dei aktuelle meldeperiodane dei har deltidsarbeid og ikkje, og av kva for dag i den første meldeperioden dagpengesaka startar. Dagpengemottakaren kan risikere å ikkje få avvikla noka ventetid i den aktuelle meldeperioden, sjølv om han eller ho innanfor denne perioden har hatt minst tre dagar heilt utan arbeid. Ein delvis arbeidslaus dagpengemottakar vil vidare kunne få problem med å avvikle ventetida innanfor dei femten verkedagane når dagpengesaka startar seinare enn måndagen i veke 1 i meldekortsyklusen.

Viss ventetida ikkje blir avvikla innanfor referanseperioden på femten dagar, vil dagpengesaka heller ikkje bli starta. For å kunne få dagpengar vil

ein da måtte sende inn ein ny søknad om dagpengar. Når dagpengesøkarane ikkje forstår at ventetida ikkje er avvikla, forstår dei heller ikkje at dei må sende ein ny søknad om dagpengar og det kan ta tid før ein ny søknad blir fremma, også om Arbeids- og velferdsetaten informerer om at medlemmen må søke på nytt. Sidan dagpengar tidlegast kan bli innvilga med verknad frå det tidspunktet ein har søkt om dagpengar, inneber det at mange vil få ein periode heilt utan dagpengar fram til ny søknad er fremma. Det midlertidige økonomiske tapet kan auke med ei lang saksbehandlingstid.

Samla gir dette svake insentiv til å ta arbeid i den første tida etter at dagpengane er innvilga. For å sikre at ventetida blir avvikla, slik at utbetalingane kan starte, vil det tvert om lønne seg å *ikkje* ta noko arbeid. Gjeldande reglar er med andre ord innretta slik at det ikkje lønner seg å ta midlertidig eller deltidsarbeid i dei første vekene etter at dagpengane er innvilga.

Dagpengane har som formål å sikre inntekt ved arbeidsløyse, men skal også vere eit arbeidsmarknadspolitisk verkemiddel. Derfor er det viktig at ordninga gir gode insentiv til å ta arbeid, slik at dagpengemottakarane kjem raskt attende til arbeidslivet. Det er også viktig at dagpengemottakarane forstår kva for reglar som gjeld og kan innrette seg i tillit til desse. Reglane om ventetid gir i nokre tilfelle svake insentiv til å ta arbeid. Vidare er reglane kompliserte og gjer at unødvendig mange rettar seg til Arbeids- og velferdsetaten, både for å få hjelp til å forstå reglane og med klager. Når manglande avvikling av ventetida fører til at søkarar må søke på nytt, får etaten dessutan ekstra arbeid gjennom å måtte behandle fleire søknader frå dei same søkarane.

Det er ikkje urimeleg å ha ein eigenandel for dagpengemottakarar. Ein eigenandel i byrjinga av perioden svekker kompensasjonsgraden i dagpengane, og mest for dei som har dei kortaste dagpengeperiodene. Dette gjer det noko mindre gunstig å vere arbeidslaus enn om ein ikkje hadde hatt ventedagar. Ein eigenandel i byrjinga av perioden kan dermed oppmuntre til å søke arbeid. På den andre sida vil ein lågare kompensasjonsgrad også gi noko svakare økonomisk støtte og svekke likviditeten i starten av dagpengeperioden.

Det er ikkje uvanleg å ha reglar om ventetid (karenstid) i arbeidsløysetrygda. I EØS-området opplyser 13 av 31 land at dei har reglar om ventetid før ein får innvilga dagpengar, og 18 land opplyser at dei ikkje har reglar om ventetid.<sup>1</sup> Det

<sup>1</sup> Kjelde: Missoc.org

varierer både kor mange ventedagar dei ulike landa har, og korleis ventetida blir berekna. Av dei landa som har reglar om ventetid, er Noreg blant dei tre landa med kortast ventetid.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet legg etter ei samla vurdering til grunn at det framleis bør vere ein eigenandel i byrjinga av dagpengeperioden. I staden for å berekne eigenandelen som ei ventetid på tre  *dagar*, held departementet fast på forslaget om ein eigenandel som blir rekna som tre gongar dagsatsen til den enkelte dagpengemottakaren.

Dagpengane utgjer 2,4 promille av dagpengegrunnlaget per dag, fem dagar i veka, jf. folketrygdlova §§ 4-11 og 4-12. Dei som forsørger barn under 18 år, får ein høgare dagsats, med eit barnetillegg som svarer til 35 kr per barn, per dag, sjå dagpengeforskrifta § 7-1. Dagpengane inklusive barnetillegg kan likevel ikkje utgjere meir enn 90 prosent av dagpengegrunnlaget, jf. folketrygdlova § 4-12 tredje ledd. Ein rein eigenandel kan setjast til den dagsatsen den enkelte får berekna når dei får innvilga dagpengane, medrekna eventuelt barnetillegg, multiplisert med tre. Eigenandelen vil da svare til tre dagar med dagpengar for den enkelte.

Det er dagsatsen slik den blir berekna etter folketrygdlova § 4-12, som skal leggjast til grunn ved fastsettinga av eigenandelen. Det vil seie den dagsatsen som gjeld frå det tidspunktet dagpengane blir innvilga med verknad frå, og som går fram av vedtaket om innvilging av dagpengar. Med ei slik berekning vil eigenandelen svare til dei tre ventedagane i den gjeldande ordninga, men berekninga og trekket vil kunne gjerast langt enklare. I tråd med høyringsinnspølet frå Arbeids- og velferdsdirektoratet, foreslår departementet å presisere i lova at barnetillegget skal reknast som ein del av eigenandelen. Dagpengemottakarar som mottek andre ytingar frå folketrygda som dagpengane blir samordna mot når dei får innvilga dagpengar, får den berekna dagsatsen redusert etter reglane i folketrygdlova §§ 4-25 og 4-26. Sidan desse dagpengemottakarane ikkje eigentleg mottar «fulle dagpengar», er det rimeleg at eigenandelen for desse blir berekna til den faktiske dagsatsen deira.

Justeringar av dagsatsen som blir vedtatt med verknad frå eit seinare tidspunkt enn vedtaket om innvilginga, skal ikkje føre til endringar av eigenandelen. Å skulle ta omsyn til slike endringar ville komplisere ordninga med ein eigenandel vesentleg.

Med ein rein eigenandel vil det ikkje vere noka ventetid som forskyver dagpengeperioden, slik

som i dag. Dagpengeperioden vil derfor vere sett i gang frå verknadsdatoen. Ein rein eigenandel vil dermed treffe alle dagpengemottakarar likt, uavhengig av om dei er heilt eller delvis arbeidslause, er sjuke eller har anna fråvær i starten av dagpengeperioden, og av om dei går ut heile dagpengeperioden eller ikkje. Det bidrar også til ei meir forståeleg og føreseieleg ordning.

Etter gjeldande § 4-9 startar dagpengeperioden etter at ventetida er avvikla. Dei som sjølv er skuld i at dei har blitt arbeidslause, kan få vedtak om forlenga ventetid (avstenging) etter reglane i folketrygdlova § 4-10. Denne avstenginga reknast frå det tidspunktet ein søker dagpengar frå, og inngår som ein del av dagpengeperioden. Desse får i praksis i dag ikkje rekna ventedagar i tillegg til avstenginga etter § 4-10. Når ventetida no blir endra til ein rein eigenandel, vil dagpengeperioden starte frå same tid i begge tilfelle. Det inneber at eigenandelen vil kunne reknast uavhengig av om det er gjort vedtak etter § 4-10 eller ikkje.

Dersom ikkje heile eigenandelen blir dekkja ved utbetalinga på grunnlag av det første meldekortet i dagpengeperioden, vil trekket bli gjort i utbetalingane på grunnlag av dei neste meldekorta. I enkelte tilfelle vil det kunne ta lang tid før heile eigenandelen er trekt, til dømes dersom dagpengane blir reduserte som følge av samtidig arbeid, sjukdom og anna fråvær, eller fordi det samtidig blir utbetalt andre, reduserte ytingar som dagpengane blir samordna mot, jf. folketrygdlova §§ 4-25 og 4-26.

Slike forhold kan føre til lange periodar utan dagpengeutbetalingar. Etter gjeldande reglar om ventetid vil manglande avvikling av ventetida føre til at dagpengesaka ikkje kjem i gang, det vil seie at saka blir stansa før ho har starta. Ventetidsreglane fungerer etter gjeldande reglar som ein «automatisk stans» av vedtaket.

Med ein rein eigenandel vil ein slik automatisk stans ikkje skje, sidan dagpengesaka vil vere starta frå og med verknadstidspunktet. Dersom det er viktig for Arbeids- og velferdsetaten å unngå for mange opne dagpengevedtak kor det ikkje blir utbetalt nokon dagpengar, kan det i staden bli fastsett reglar om at saka blir avslutta dersom det ikkje har vore nokon utbetalingar innanfor ein nærmare fastsett periode i starten av dagpengeperioden. Ein slik automatisk stans treng ikkje nødvendigvis å vere knytt til ventetida, og den kan også bli vurdert over ein lengre periode enn dei femten dagane som følger av gjeldande ventetidsreglar. Departementet vil komme tilbake til dette, dersom overgangen til

eigenandelen gir ei auke av slike opne vedtak utan utbetalingar.

Det er ein innarbeidd praksis i Arbeids- og velferdsetaten at dagpengesaker kan bli inaktiverte dersom det på grunn av mellom anna arbeid på meir enn 50 prosent av den tidlegare arbeidstida, ikkje blir utbetalt dagpengar i tre påfølgande meldeperiodar, det vil seie i seks veker. Bakgrunnen er at ein ved arbeid over terskelen på 50 prosent over tid, ikkje lenger reknast som reell arbeidssøkar, sjå folketrygdlova § 4-21 jf. § 4-5. Ein periode på seks veker må seiest å gi eit tilstrekkeleg grunnlag for vurderinga av om ein framleis reknast som reell arbeidssøkar. Det kan tilseie at ei dagpengesak utan utbetalingar i dei første seks vekene, bør kunne bli stansa ut ifrå ei tilsvarande vurdering. Departementet legg til grunn at eit heilt eller delvis trekk av eigenandelen etter nye reglar, inneber at det er «utbetalt dagpengar» som minst svarar til trekket, sjølv om trekket har ført til at det ikkje er anvist dagpengar til utbetaling til dagpengemottakaren. Dagpengesaka bør dermed ikkje kunne bli sett «inaktiv» dersom den manglande utbetalinga berre skuldast eigenandelen.

Når det gjeld innspelet frå *LO* om forholdet mellom reglane i folketrygdlova §§ 4-9 om ventetid og 4-10 om forlenga ventetid, viser departementet til at § 4-10 gjeld forlenga ventetid, som er ein straffeliknande reaksjon mot dagpengemottakarar som sjølv er skuld i at dei har blitt arbeidslause. Berekninga av ventetida etter folketrygdlova § 4-9 og av den forlenga ventetida etter § 4-10, blir også etter gjeldande rett gjort etter heilt ulike prinsipp. Sjølv om omgrepet «forlenga ventetid» er godt innarbeidd i Arbeids- og velferdsetaten, kan det vere grunn til å sjå nærmare på ordbruken. Departementet vil eventuelt komme tilbake til dette seinare.

#### 2.4.2 Forholdet til internasjonale plikter

Noreg har ratifisert den europeiske trygdekodexen og ein tilleggsprotokoll til denne.<sup>2</sup> Artikkel 24 (3) og tilleggsprotokollen til denne, set grenser for ventedagar til enten dei tre første dagane i kvart tilfelle av arbeidsløyse eller dei første seks dagane innanfor ein periode på tolv månader. Ein eigenandel i form av tre gangar dagsatsen til den enkelte vil etter departementet si vurdering vere i samsvar med trygdekodexen og tilleggsprotokollen.

Innføringa av ventedagar i form av ein eigenandel vil gjelde likt for alle som får innvilga dagpengar, utan omsyn til om retten til dagpengar er tent opp etter samanleggingsreglane i EU-trygdeforordninga (883/2004), jf. dagpengeforskrifta kap. 13, eller berre etter dei nasjonale reglane.

#### 2.5 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringane tar til å gjelde 1. januar 2024, og at endringane skal gjelde for nye søknader om dagpengar som blir innvilga med verknad frå 1. januar 2024 eller seinare. Departementet kan gi forskrifter med overgangsreglar om kva som skal gjelde for dei som er innvilga dagpengar med verknadsdato til og med 31. desember 2023, og som ikkje har avvika heile ventetida før 1. januar 2024.

I Prop. 1 S (2023–2024) er det lagt til grunn at omlegginga av ventetidsreglane vil vere budsjett-nøytral.

Forslaget til endring av ventetidsreglane inneber ei vesentleg forenkling av dagpengesaksbehandlinga i Arbeids- og velferdsetaten.

<sup>2</sup> ETS no 048 – European Code of Social Security, og ETS no\_048A – Protocol to the European Code of Social Security

## 3 Lovfesting av praksis for ny berekning av dagpengegrunnlaget i samband med gjenopptak – folketrygdlova § 4-16

### 3.1 Innleiing

---

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å endre ordlyden i folketrygdlova § 4-16 første leddet, slik at dagpengegrunnlaget alltid blir berekna på nytt i samband med gjenopptak, dersom det er til gunst for medlemmen. Forslaget inneber ei lovfesting av gjeldande praksis og har ikkje vore på høyring.

### 3.2 Gjeldande rett

---

Dei fleste dagpengemottakarane avbryt dagpengeperioden før dei har gått ut den maksimale stønadsperioden, jf. folketrygdlova §§ 4-15 og 4-19. Nokon treng å ta opp at dagpengane etter eit avbrot, til dømes fordi dei har hatt eit vikariat eller anna kortvarig arbeid. Etter folketrygdlova § 4-16 har medlemmane rett til å ta opp att ein dagpengesak som har vore avbroten i inntil 52 veker, utan at kravet til minsteinntekt etter § 4-4 blir prøvd på nytt, utan at det blir rekna noka ny ventetid etter § 4-9 og utan at dagpengegrunnlaget blir fastsett på nytt. Som hovudregel held dagpengemottakaren fram med det same dagpengegrunnlaget og den same dagpengesatsen som før, i resten av den tidlegare innvilga stønadsperioden. Dersom medlemmen har hatt brot i stønadsperioden på grunn av arbeid i meir enn tolv veker, kan medlemmen likevel krevje å få dagpengegrunnlaget reberekna. Bakgrunnen er at arbeidsinntekta i denne perioden vil kunne gi eit høgare dagpengegrunnlag, og dermed ein høgare dagsats. Av ordlyden i § 4-16 første ledd andre punktum går det fram at medlemmen sjølv må krevje ei slik reberekning i samband med at han eller ho søker om å ta opp att stønadsperioden. I praksis blir dagpengegrunnlaget likevel alltid fastsett på nytt dersom det er til gunst for medlemmen, utan at det blir stilt krav om å søke særskilt om reberekning.

### 3.3 Vurderingar og forslag

---

Dagpengane skal gi ei midlertidig inntektssikring ved inntektsbortfall som følge av arbeidsløyse, men ordninga skal samtidig vere innretta slik at den oppfordrar til å komme raskt tilbake i arbeid. Retten til gjenopptak og reberekning inneber at medlemmen kan ta kortvarig arbeid og få betre dagpengerettar som følge av arbeidet.

Som det går fram i pkt. 3.2, blir folketrygdlova § 4-16 første ledd andre punktum ikkje praktisert etter ordlyden, men slik at nytt dagpengegrunnlag alltid blir fastsett dersom dette gir ein høgare dagsats, også i dei tilfella kor medlemmen ikkje krev ei ny berekning. Bakgrunnen er at Trygderetten i fleire avgjerder frå 2020 la til grunn at Arbeids- og velferdsetaten har ei plikt til å reberekne dagpengegrunnlaget når dette er til gunst for medlemmen, sjå mellom anna TRR-2018-00773, TRR-2019-03113, TRR-2019-03949 og TRR-2020-00630. Trygderetten la særskild vekt på at det var vanskeleg for dei enkelte medlemmane å vurdere konsekvensane av å svare «ja» eller «nei» på spørsmålet om dei ville ha fastsett dagpengegrunnlaget på nytt, i søknaden om gjenopptak.

I mars 2021 la etaten om praksis som følge av desse avgjerdene. Departementet har ikkje hatt innvendingar mot praksisendringa. Lovteksten bør samsvare med praksis, slik at det er klart for alle kva som er gjeldande rett. Det styrker rettstryggleiken. Departementet foreslår derfor å endre ordlyden slik at det går fram at dagpengegrunnlaget blir fastsett på nytt dersom det er til gunst for medlemmen, utan at det blir stilt krav om å søke særskilt om reberekninga.

Sjå lovforslaget, folketrygdlova § 4-16.

### **3.4 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar**

---

Departementet foreslår at endringa tar til å gjelde straks. Endringa har venteleg ikkje nokon økono-

miske konsekvensar, men inneber ei administrativ forenkling.

## 4 Endringar i retten til barnetillegg til arbeidsavklaringspengar og uføretrygd når barnet har eiga inntekt – folketrygdlova §§ 11-20 og 12-15

### 4.1 Innleiing og bakgrunn

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å endre lova slik at barnetillegget til arbeidsavklaringspengar og uføretrygd blir gitt uavhengig av inntekta til barnet.

Mottakarar av arbeidsavklaringspengar og uføretrygd har rett til barnetillegg dersom dei forsørger barn. Barnetillegga er utforma ulikt. Barnetillegg til arbeidsavklaringspengar blir gitt med eit fast kronetillegg (35 kroner per dag, 9 100 kroner per år per barn), mens barnetillegg til uføretrygd er høgare (47 448 kroner per år per barn) og blir redusert mot forsørgaren/forsørgarane si inntekt etter nærmare reglar.

Ein mottakar av arbeidsavklaringspengar eller uføretrygd har ikkje rett til barnetillegg viss barnet har eiga inntekt som er større enn grunnbeløpet (pt. 118 620 kroner). For arbeidsavklaringspengar er det også slik at barnetillegget fell bort viss barnet har rett til barnepensjon etter folketrygdlova kapittel 18. Barnet blir dermed ikkje sett som forsørgt viss det har slik inntekt eller pensjon.

I Prop. 1 S (2023–2024) foreslår departementet tilsvarande endring for barnetillegget til kvalifiseringsstønaden. Endringa krev ikkje endring i lov, men departementet vil sørge for å gjere dei nødvendige endringane i forskrift 21. desember 2011 nr. 1471 om kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad.

### 4.2 Gjeldande rett

#### 4.2.1 Arbeidsavklaringspengar

Retten til arbeidsavklaringspengar er regulert i folketrygdlova kapittel 11. Formålet med ytinga er å sikre inntekt for personar med nedsett arbeidsevne som har behov for aktiv behandling eller arbeidsretta tiltak, eller som får anna oppfølging med sikte på å skaffe seg eller halde på arbeid.

I motsetning til kva som er tilfellet for sjukepengar og pleiepengar osv., blir det ikkje stilt krav

til tidlegare yrkesaktivitet. Både personar som tidlegare har vore i arbeid, og personar utan noka erfaring frå arbeidslivet, kan få innvilga arbeidsavklaringspengar.

Det er eit vilkår at arbeidsevna er nedsett med minst halvparten. Sjukdom, skade eller lyte må vere ei vesentleg medverkande årsak til den nedsette arbeidsevna. Ein mottakar av arbeidsavklaringspengar skal bidra aktivt i prosessen med å komme i arbeid og få jamleg oppfølging frå Arbeids- og velferdsetaten. Arbeidsavklaringspengar blir gitt i inntil tre år. Stønadsperioden kan forlengast med inntil to år etter særlege unntaksreglar.

Vilkåra for barnetillegg til arbeidsavklaringspengar kjem fram av folketrygdlova § 11-20 tredje til femte ledd. Ein person som får arbeidsavklaringspengar og forsørger barn, får eit barnetillegg. Barnetillegget utgjer 35 kroner per barn per dag. Tillegget blir utbetalt for fem dagar per veke. Dersom begge foreldra får arbeidsavklaringspengar, kan begge få barnetillegg.

Eit barn blir ikkje rekna som forsørgt dersom det har inntekt, inkludert kapitalinntekt, som er større enn grunnbeløpet. All inntekt barnet har, blir rekna med og vil føre til at forsørgaren ikkje har rett til barnetillegget viss inntekta overstig grunnbeløpet.

Forsørgaren vil heller ikkje ha rett til barnetillegget viss barnet har rett til barnepensjon etter folketrygdlova kapittel 18, og da uavhengig av kor stor pensjonen er. Den 1. januar 2024 tar etterlatte-reforma til å gjelde. Da vil barnepensjon for barn som har mista ein av foreldra, utgjere 1 G, sjå lov 18. desember 2020 nr. 139 om endringar i folketrygdloven (nye etterlatteytelser) § 18-5 første ledd.

Barnetillegget er ikkje behovsprøvd mot inntekta til forsørgaren. Folketrygdlova § 11-20 sjetle ledd fastset likevel eit tak på utbetalinga. Samla utbetaling av arbeidsavklaringspengar og barnetillegg kan ikkje utgjere meir enn 90 prosent av grunnlaget for berekning av arbeidsavklaringspengar.

#### 4.2.2 Uføretrygd

Retten til uføretrygd er regulert i folketrygdlova kapittel 12. Formålet med ytinga er å sikre inntekt for personar mellom 18 og 67 år som har fått inntektsevna varig nedsett som følge av varig sjukdom, skade eller lyte. Det blir gitt heil uføretrygd til personar som har tapt heile inntektsevna, og gradert uføretrygd til dei som har ein del av inntektsevna i behald.

Til liks med arbeidsavklaringspengar, blir det ikkje stilt krav til tidlegare yrkesaktivitet eller inntekt. Både personar som tidlegare har vore i arbeid, og personar utan tidlegare arbeidsinntekt, kan få innvilga uføretrygd.

Det er eit vilkår at inntektsevna er varig nedsett med minst halvparten, etter at formålstenleg behandling og arbeidsretta tiltak er gjennomgått. For personar som får arbeidsavklaringspengar når dei fremmer krav om uføretrygd, er det tilstrekkeleg at inntektsevna er nedsett med minst 40 prosent.

Vilkåra for barnetillegg går fram av folketrygdlova § 12-15. Til ein person som får uføretrygd (uavhengig av uføegrad) svarer fullt barnetillegg til 40 prosent av grunnbeløpet for kvart barn vedkommande forsørger.

Viss trygdetida som blir lagd til grunn for uføretrygda er kortare enn 40 år, blir barnetillegget avkorta tilsvarande. Viss begge forsørgarane får uføretrygd, eller den eine får alderspensjon, blir tillegget ytt til den som har rett til høgast tillegg. Der som forsørgarane ikkje bur saman, blir tillegget ytt til den som har den daglege omsorga for barnet.

Det blir ikkje gitt barnetillegg viss barnet har inntekt, inkludert kapitalinntekt, som er større enn grunnbeløpet, sjå folketrygdlova § 12-15 andre ledd. Barnet blir da rekna for å vere sjølvforsørgt. Opphavleg blei det heller ikkje gitt barnetillegg for barn som får barnpensjon, men denne avgrensinga blei oppheva for mottakarar av uførepensjon (og alderspensjon) frå 1. mai 2002, sjå Ot.prp. nr. 27 (2001–2002) *Om lov om endringer i folketrygdloven (økning av folketrygdens barnetillegg m.m.)*.

Barnetillegget er behovsprøvd, det vil seie at det blir redusert på grunn av inntekta til den eller dei som forsørger barnet. Reglane om inntektsprøving kjem fram av folketrygdlova § 12-16. Barnetillegget blir redusert med 50 prosent av inntekt som overstig eit fastsett fribeløp, det vil seie ein gradvis reduksjon. Fribeløpet er 4,6 G (om lag 545 700 kroner) for eitt barn som bur saman med begge foreldra, og 3,1 G (om lag 367 700 kroner) for eitt barn som bur saman med

éin av foreldra. Fribeløpet blir auka med 0,4 G (om lag 47 500 kroner) for kvart ekstra barn, og utgjer dermed 5 G (om lag 593 000 kroner) for eit par som bur saman med to fellesbarn. For den av foreldra som ikkje får barnetillegg, skal summen av inntektene som blir rekna med (med unntak av pensjonsytingar og uføretrygd frå folketrygda) bli reduserte med grunnbeløpet. Det betyr at eit par med to barn under 18 år, der ein er uføretrygda og ein er i arbeid, kan ha ei samla inntekt på inntil 711 720 kroner før barnetillegga blir redusert. Ved høgare inntekt vil barnetillegga bli gradvis redusert, og fell heilt bort ved ei samla inntekt på om lag 900 000 kroner.

#### 4.3 Høyring

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sendte eit forslag til endringar i retten til barnetillegg på høyring 15. juni 2023, til følgande høyringsinstansar:

##### Departementa

Arbeids- og velferdsdirektoratet  
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet  
Barneombodet  
Datatilsynet  
Direktoratet for arbeidstilsynet  
Helsedirektoratet  
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi)  
Likestillings- og diskrimineringsombodet  
Pasientomboda  
Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI)  
Statens helsetilsyn  
Statens råd for likestilling av funksjonshemmede  
Statistisk sentralbyrå (SSB)  
Trykderetten

Norsk senter for menneskerettigheter  
Sametinget  
Sivilombodet  
Statsforvaltarane

##### Kommunane

Arbeidsforskningsinstituttet (AFI)  
Dei regionale helseforetaka  
Institutt for samfunnsforskning  
Personvernkommissjonen  
Statens pensjonskasse  
Statlege høyskolar  
Universiteta

Akademikerne

Arbeiderbevegelsens Arbeidsgiverforening  
 Arbeidsgiverforeningen Spekter  
 Arbeidssamvirkenes Landsforening (ASVL)  
 Autismeforeningen i Norge  
 Cerebral Parese-foreningen  
 Den norske advokatforening  
 Den norske jordmorforening  
 Den norske legeforening  
 Fagforbundet  
 Fellesorganisasjonen  
 Finans Norge  
 Forskningsstiftelsen Fafo  
 Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)  
 Juridisk Rådgivning for Kvinner (JURK)  
 Jushjelpa i Midt-Norge  
 Juss-Buss  
 Jussformidlingen  
 Jusshjelpa i Nord-Norge  
 Kommunal Landspensjonskasse (KLP)  
 Kreftforeningen  
 KS – Kommunesektorens organisasjon  
 Landsorganisasjonen i Norge (LO)  
 LO-Kommune  
 LO-stat  
 Løvemammaene  
 ME Nettverket i Norge  
 ME-foreningen  
 Nasjonalforeningen for folkehelsen  
 Norges Handikapforbund  
 Norges Juristforbund  
 Norges Kvinne- og Familieforbund  
 Norsk Epilepsiforbund  
 Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU)  
 Norsk pasientforening  
 Norsk Psykologforening  
 Norsk Sykepleierforbund  
 Norsk Tjenestemannslag (NTL)  
 Norsk Tourette Forening  
 Norske Kvinners Sanitetsforening (NKS)  
 Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)  
 Personskadeforbundet LTN  
 Pårørendealliansen  
 Ryggmargsbrokk- og hydrocephalusforeningen  
 Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes  
 organisasjoner (SAFO)  
 Samfunnsøkonomene  
 SMB Norge  
 Uføres landsforbund  
 Uføres Landsorganisasjon  
 UNIO  
 Virke  
 Yrkesorganisasjonenes sentralforbund (YS)

I høyringsnotatet foreslo departementet å endre regelverket slik at barnetillegget til arbeidsavkla-

ringspengar, uføretrygd og kvalifiseringsstønad skal bli gitt uavhengig av om barnet har inntekt/ barnepensjon. Departementet viste mellom anna til at ei slik endring vil gi barnefamiliane det gjeld litt betre økonomi, og til at gjeldande reglar ikkje oppfordrar til at barnet skal ta seg helge- eller sommarjobb da resultatet kan bli at forelderen mister barnetillegget. Høyringsfristen var 15. august 2023.

Følgande høyringsinstansar har svart at dei ikkje har merknadar:

Forsvarsdepartementet  
 Justis- og beredskapsdepartementet  
 Klima- og miljødepartementet  
 Samferdsledepartementet  
 Statens arbeidsmiljøinstitutt  
 Statistisk sentralbyrå  
 Trondheim kommune

Følgande høyringsinstansar har merknadar:

Arbeids- og velferdsdirektoratet  
 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet  
 Barneombodet  
 Helsetilsynet  
 Pasient- og brukerombudet i Oslo og Viken,  
 kontor Oslo, Sosial- og eldreombudet i Oslo

Fredrikstad kommune  
 NAV Tromsø

AAP-aksjonen  
 Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon  
 FØL Norge  
 Landsorganisasjonen i Norge (LO)  
 Norges Handikapforbund  
 Norges Kvinne- og familieforbund  
 Pårørendealliansen  
 Organisasjonen for uføres rettigheter – OFUR

Privatperson Per-Olav Elshaug

Alle som uttalte seg om saka, støtta endringsforslaga. Fleire skreiv kort at dei støttar forslaga og departementet sin argumentasjon. *Helsetilsynet* skreiv mellom anna:

«Vi er enige med departementet i at de samme hensynene som ble lagt til grunn da det ble lovfestet at barns inntekt skal holdes utenfor ved vurdering av søknader om økonomisk stønad, også gjelder for trygdeytelser og kvalifiseringsstønad.»



*Barneombodet* uttalte mellom anna:

«Gjeldende regelverk kan etter vårt syn være til hinder for at barn og unge i lavinntektsfamilier søker lønnet deltidsarbeid, nettopp for å unngå at foreldrenes rett til barnetillegg bortfaller. Dette er uheldig, da barn og unges mulighet til å tilegne seg arbeidserfaring bør være lik uavhengig av foreldrenes økonomiske situasjon.

Etter vår vurdering vil de foreslåtte lov- og forskriftsendringene sikre at barn og unge med foreldre som mottar ovennevnte ytelser gis mulighet til å disponere egne opptjente penger på lik linje med andre barn, og er dermed et viktig tiltak for å imøtegå de negative konsekvensene lavinntekt medfører for barn og unge.»

*Organisasjonen for uføres rettigheter – OFUR* var positive til forslaga. Dei påpekte likevel også at:

«Selv om det er flere positive sider ved å oppmuntre barna til å ta jobber, er det viktig å beskytte og ta hensyn til sårbare grupper. Det er en bekymring for at barna i grunnskolealder fra berørte familier kan oppleve økt press og ansvar for å bidra til familiens økonomi hvis de tar jobb i en tidlig alder. (...) Selv om arbeidserfaring kan være verdifull, understreker forskningen at opplæringstiltak og utdannings-tiltak gir bedre resultater når det gjelder overgangen til jobb og langsiktig karriereutvikling. For barn fra lavinntektsfamilier med uføre foreldre kan det være ekstra viktig å sikre at de får tilgang til utdanning og støtte som bidrar til deres akademiske suksess.»

I tillegg uttalte nokre av høyringsinstansane seg om forhold utanfor temaet for høyringsnotatet.

## 4.4 Vurderingar og forslag

### 4.4.1 Nærmare om bakgrunnen for endringsforslaget

I dag blir ikkje barnet rekna som forsørgt – og barnetillegget fell heilt bort – viss barnet har inntekt som overstig grunnbeløpet. Dette gjeld uavhengig av kor mykje høgare enn grunnbeløpet inntekta er. Viss barnet har barnepensjon, fell barnetillegget til arbeidsavklaringspengar bort uavhengig av kor stor barnepensjonen er.

Forarbeida seier lite om bakgrunnen for reglane om at barnet ikkje blir rekna som forsørgt viss det har inntekt større enn grunnbeløpet slik

at forelderen ikkje får barnetillegg. Departementet går ut frå at det ligg ein tanke bak om at viss barnet har inntekt av ein viss storleik, kan barnet bidra til forsørginga. Det følger også av barnelova § 66 at foreldra skal forsørge barnet når barnet sjølv ikkje har midlar til det. Det er sjølv-sagt rett at viss barnet har eiga inntekt, vil det vere mogleg for barnet å bidra økonomisk og hus-haldet har samla sett litt meir å leve av.

Det ligg dermed ein indirekte føresetnad i reglane om at barnet sjølv skal bidra og dekke kostnader til eiga oppfostring, i staden for at barnet kan spare inntekta til seinare eller bruke ho på noko som familien elles ikkje ville hatt råd til. Dette kan vere til hinder for at barn med foreldre som får arbeidsavklaringspengar eller uføretrygd kan disponere over inntekta si slik andre barn kan.

I 2016 blei lov 18. desember 2009 nr. 131 om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen § 18 endra slik at det no er lovfesta at kommunane skal halde barns inntekt frå arbeid i fritid og skoleferiar utanfor ved vurdering av søknader om økonomisk stønad (sosialhjelp). Endringa var mellom anna grunnlagt i å sikre meir likeverdige moglegheiter for barn som veks opp i fattige familiar og at barn i familiar som får stønad til livsopphald kan betre sin eigen situasjon gjennom inntekt frå arbeid i helgar og skoleferiar. Vidare var formålet å betra levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, gjere den enkelte sjølvhjelp og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Dei same omsyna taler for at barnetillegg til trygdeytningar skal gis uavhengig av om barnet sjølv har inntekt.

Viss barnet ikkje har inntekt, eller inntekt lågare enn grunnbeløpet, får forelderen barnetillegget. Viss arbeidsinntekt til barn fører til at forelderen mistar barnetillegget, vil barn ikkje oppleve at det lønner seg å arbeide. Dagens reglar oppmodar altså ikkje til at barnet skal ta seg helge- eller sommarjobb da resultatet kan bli at barnetillegget fell bort. Barn som av den grunn vel å ikkje jobbe ved sida av skolegangen vil heller ikkje få høve til å tileigne seg kompetanse og erfaringar frå arbeidslivet. Viss retten til barnetillegg blir gjort uavhengig av inntekta til barnet, vil det i større grad oppmode barnet til å ta seg arbeid.

Kor mykje ein person kan få i økonomisk sosialhjelp, blir avgjort etter ei konkret vurdering av inntekter og utgifter og kva personen/familien har behov for. Når inntekta til barnet frå arbeid på fritida ikkje skal takast omsyn til ved økonomisk stønad, er det etter departementet sitt syn enda

mindre grunn til å la inntekta få noko å seia for rett til barnetillegg til trygdeytningar. Særleg gjeld dette for arbeidsavklaringspengar der barnetillegget elles blir gitt utan behovsprøving. Ein får barnetillegg til arbeidsavklaringspengar sjølv om ein har ein ektefelle med høg inntekt, medan barns inntekt over grunnbeløpet vil føre til at barnetillegget fell bort.

Departementet går ut frå at barns inntekt i større grad enn for vaksne kan variere gjennom året, og at inntekta typisk er høgare om sommaren og i andre skoleferiar enn elles. Dermed kan det vere noko tilfeldig kor stor inntekt barnet har på søknadstidspunktet. Når det blir sett fram krav, må søkarar svare på spørsmål om barnet har inntekt og eventuell storleik på denne. Dersom inntekta blir endra, er det vanskelegare å fange dette opp. Arbeids- og velferdsdirektoratet opplyser at endringar i inntekta sannsynlegvis ikkje blir fanga opp på annan måte enn ved informasjon frå foreldra. Det er ikkje sikkert forelderen til ei kvar tid er kjend med inntekta til barnet og endringar i denne av betydning for rett til barnetillegg. Dagens reglar kan slik slå tilfeldig ut.

Viss barnet får barnepensjon, vil barnetillegget til arbeidsavklaringspengar i dag falle bort. Det gjeld uavhengig av kor stor pensjonen er. Det vil også gjelde uavhengig av alderen til barnet, det vil seie også om barnet er for ung til å arbeide ved sida av skolen. Ved søknad om barnetillegg der barnet har barnepensjon, vil søkar vere aleineforsørgar for barnet (med mindre det er tale om ein fosterforelder). Der barnet har berre éin forelder i live, kan det etter departementet sitt syn vere ekstra urimeleg at den attlevande forelderen mistar barnetillegget da denne ofte blir stilt i ein vanskelegare økonomisk situasjon enn der den andre forelderen er i live.

Barnetillegget til arbeidsavklaringspengar er 35 kroner dagen, dvs. 9 100 kroner per år. Barnetillegget til uføretrygd er behovsprøvd og varierer derfor, men fullt tillegg svarer til 47 448 kroner per år.

Arbeidsavklaringspengar og uføretrygd blir berekna på grunnlag av tidlegare inntekt og utgjer 66 prosent av inntektsgrunnlaget ytinga blir berekna etter. Personar med ingen eller låg tidlegare inntekt, får likevel ein minstesats. Dermed har mottakarar av desse ytingane ei lågare utbetaling enn dei hadde før dei blei sjuke, eventuelt får dei ein minstesats. Ein del mottakarar av arbeidsavklaringspengar og uføretrygd får i tillegg økonomisk stønad (sosialhjelp). I 2022 var det samla sett 3 745 einslege/par med barn under 18 år som

fekk både økonomisk sosialhjelp og arbeidsavklaringspengar. For uføreytingar var talet 1 864.

Det har over tid (2011–2020) blitt fleire personar i Noreg med vedvarande låginntekt. Det har også blitt fleire med arbeidsavklaringspengar og uføretrygd i låginntektsgruppa. Personar som får ei yting frå Arbeids- og velferdsetaten er blant gruppene som i størst grad opplever låginntekt. Dette må sjåast i samanheng med at hushald med svak yrkestilknytning er sterkt overrepresentert blant hushald med låginntekt. SSBs rapport 2022:45 viser at blant hushald der hovudinntektstakar får uføretrygd, har delen ramma personar i hushald med årleg låginntekt auka kvart år frå 2010 til 2020, frå 12 prosent i 2010 til 24 prosent i 2020. I husstandar der hovudforsørgjar er mottakar av arbeidsavklaringspengar har tilsvarande del med låginntekt auka frå 25 prosent i 2010 til 35 prosent i 2020. Ei endring slik at barnetillegget blir behalde uavhengig av inntekta til barnet, vil gi dei aktuelle barnefamiliane noko betre økonomi.

Både dagpengemottakarar og tiltaksdeltakarar som får tiltakspengar, har rett til barnetillegg dersom dei forsørger barn under 18 år, utan omsyn til om barnet har inntekt over 1 G. Dei foreslåtte endringane bidrar til harmonisering av vilkåra for barnetillegg.

Folketrygdlova § 3-25 har reglar om barnetillegg til personar som er fylte 67 år og har tatt ut heil alderspensjon etter folketrygdlova kapittel 19. Av femte ledd følger det at barnetillegg ikkje blir ytt dersom barnet har inntekt, inkludert kapitalinntekt, som er større enn grunnbeløpet. Reglane om at det skal gis barnetillegg til alderspensjon er likevel oppheva. Det følger av andre ledd at det frå 1. januar 2022 ikkje lenger blir gitt barnetillegg til nye mottakarar. Tillegg som blir utbetalt blir redusert årleg, og frå 1. januar 2025 fell tillegga bort. Etersom desse barnetillegga no blir fasa ut, foreslår departementet ikkje å gjere endringar i reglane om avkorting av barnetillegg mot barns inntekt i alderspensjon.

Barnetillegget i uføretrygda skil seg frå barnetillegget i arbeidsavklaringspengeordninga ved at det er behovsprøvd mot forsørgaren si inntekt, og at det er større (0,4 G, som svarer til 47 448 kroner). Det er ingen automatikk i at behovsprøvinga mot barnet si eiga inntekt i føreordninga bør endrast sjølv om ho fell bort for arbeidsavklaringspengar, da barnetillegget til uføre elles er underlagt ei behovsprøving.

Det er likevel heller ingen automatikk i at ein skal ta omsyn til inntekta til barnet sjølv om ein tar omsyn til inntekta til forsørgarane. Viss reglane

blir endra for arbeidsavklaringspengar, kan det også vere vanskeleg å forsvare at barn av uføretrygda skal ha eiga inntektsprøving/bidra til eiga forsørging. Eit regelverk som implisitt føreset at barn med inntekt over grunnbeløpet skal bidra til eiga forsørging dersom forelderen får uføretrygd, men elles ikkje, kan i realiteten gi barn med uføre foreldre mindre disposisjonsfridom over eiga lønn enn andre barn. Det kan verke som at desse «blir straffa» for uførleiken til foreldra når dei tar seg jobb, samanlikna med andre barn. I tillegg er det forskning som kan tyde på at uføretrygd går «i arv», dvs. at barn av uføretrygda har større risiko for også å bli uføretrygda enn andre barn – alt anna likt. Dette kan tala for å legge til rette for å styrke insentiva til å få erfaring frå arbeidslivet før fylte 18 år for denne gruppa.

Barnetillegget i uføretrygda er som nemnt behovsprøvd mot inntekta til forsørgarane. Det inneber at det ikkje er alle familiar der inntekta hos barnet har sjølvstendig betydning for barnetillegget. Barns eventuelle inntekt påverkar først og fremst dei familiare der forsørgar(ane) har så låg inntekt at barnetillegg ikkje blir redusert mot forelders eiga inntekt. Dagens reglar inneber mellom anna at ein einsleg forsørgar på minstestats (om lag 294 000 kroner) ikkje får barnetillegg viss barnet har eiga inntekt på 1 G eller meir. Konsekvensane av å føre vidare behovsprøving av barnetillegg mot barnet si eiga inntekt er dermed større jo lågare trygdeytningane/den samla inntekta til familien er. I familiar med høgare trygdeytningar/inntekter vil det vere fleire som, uavhengig av inntekta til barnet, uansett ikkje får utbetalt barnetillegget.

Departementet foreslår å oppheve føresegnene om at barnetillegget til arbeidsavklaringspengar og uføretrygd fell bort når barnet har inntekt over grunnbeløpet. Departementet foreslår også å oppheve føresegna om at barnepensjon fører til at barnetillegget til arbeids-

avklaringspengar fell bort, slik det allereie er for barnetillegg til uføretrygd.

Sjå lovforslaget, folketrygdlova §§ 11-20 og 12-15.

#### 4.4.2 Forholdet til internasjonale plikter

Arbeidsavklaringspengar og uføretrygd er omfatta av EU-trygdeforordninga (883/2004). For personar som er omfatta av trygdeforordninga, vil opphald i andre EØS-land likestillast med opphald i Noreg når føresegna stiller krav til opphald i Noreg for å få rett til ytinga.

Endringane departementet foreslår, vil vere ei forbetring og omfatta alle som har rett til barnetillegg til arbeidsavklaringspengar og uføretrygd, altså både dei som har rett til ytinga etter nasjonale reglar og dei som har rettar etter EØS-avtala.

#### 4.5 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringa for barnetillegg til arbeidsavklaringspengar skal ta til å gjelde 1. februar 2024 ettersom Arbeids- og velferdsdirektoratet treng éin månad til å innføre endringa. I Prop. 1 S (2023–2024) er det foreslått å auke løyvinga til arbeidsavklaringspengar med 1,2 mill. kroner i 2024 som følge av forslaget. Heilårseffekten av forslaget vil komme i 2025 og er rekna til om lag 1,3 mill. kroner.

Departementet foreslår at endringa for barnetillegg til uføretrygd skal ta til å gjelde 1. juli 2024 ettersom Arbeids- og velferdsdirektoratet treng seks månader til å innføre endringa. I Prop. 1 S (2023–2024) er det foreslått å auke løyvinga til uføretrygd med 5 mill. kroner i 2024 som følge av forslaget. Heilårseffekten av forslaget vil komme i 2025 og er rekna til om lag 10 mill. kroner.

## 5 Retting av feil, presiseringar og lovtekniske endringar

### 5.1 Oppheving av ein midlertidig heimel til å gi særreglar om retten til dagpengar under utdanning – folketrygdlova § 4-6 fjerde ledd

Folketrygdlova § 4-6 slår fast at medlemmar som får dagpengar, ikkje samtidig kan ta utdanning eller opplæring, med mindre det er særskild fastsett. Nærmare reglar om når ein kan ta utdanning og opplæring med dagpengar følger av dagpengeforskrifta (forskrift 16. september 1998 nr. 890) §§ 4-2 til 4-3 g.

Av folketrygdlova § 4-6 fjerde ledd går det fram at departementet fram til 1. oktober 2021 utan hinder av første ledd har heimel til å gi forskrifter om at dagpengar kan kombinerast med utdanning og opplæring. Heimelen til å fråvike hovudregelen blei tatt inn i § 4-6 gjennom lov 18. desember 2020 nr. 138, fordi det under koronapandemien var eit ønske om å gi vidare høve til utdanning og opplæring med dagpengar enn det som følgde av daverande § 4-6 første ledd, jf. Prop. 27 L (2020–2021) *Endringer i folketrygdloven og enkelte andre lover (samleproposisjon høsten 2020)*.

Med verknad frå 3. september 2021 blei § 4-6 første ledd endra, slik at forskriftsheimelen blei meir generell, sjå Prop. 170 L (2020–2021) *Endringer i folketrygdloven (adgang til å ta opplæring og utdanning med dagpenger)*. Heimelen i § 4-6 fjerde ledd slutta å gjelde frå 1. oktober 2021, og må derfor opphevast.

Sjå lovforslaget, folketrygdlova § 4-6 fjerde ledd.

### 5.2 Retting av feil i folketrygdlova § 8-9 tredje ledd

Folketrygdlova § 8-9 gir reglar om krav om opphald i Noreg (og i eit EØS-land eller i eit land eller område der trygdeforordninga er gitt verknad for vedkommande ved bi- eller multilateral trygde-

avtale som nemnt i folketrygdlova § 1-3 b) for rett til sjukepengar.

Tredje ledd i føresegna regulerer rett til sjukepengar ved opphald i land utanfor Noreg (og EØS mv.). Ein person kan da få sjukepengar i inntil fire veker i løpet av ein periode på tolv månader. Det må vere avklart med arbeidsgivar og sjukmeldar (lege) at opphaldet ikkje vil hindra planlagt aktivitet og behandling. Det er også eit vilkår at opphaldet ikkje hindrar oppfølging og kontroll frå Arbeids- og velferdsetaten.

I tredje ledd fjerde punktum er det eit krav om at personen må søke godkjenning på førehand frå Arbeids- og velferdsetaten. Dette vilkåret blei endra i lov 25. november 2022 nr. 86, jf. Prop. 71 L (2022–2023) *Endringer i folketrygdloven mv. (synliggjøring av folkerettslige forpliktelser til trygdekoordinering)* og Innst. 33 L (2022–2023). Tidlegare var kravet at ein person kunne få sjukepengar «etter søknad», og sjølv om dei fleste søknader blei sendt før opphaldet i land utanfor Noreg (og EØS mv.), innebar dette vilkåret at søknaden om sjukepengar kunne bli sendt *etter* opphaldet også.

Endringa av søknadvilkåret i § 8-9 tredje ledd fjerde punktum frå «etter søknad» til «på forhånd søke» var ein feil, som departementet no ønsker å rette opp i. Sjølv om det er ein fordel for den ein-skilde å søke om godkjenning på førehand før opphald i land utanfor Noreg (og EØS mv.), var det ikkje meininga å utelukka at søknad om sjukepengar kan bli sendt undervegs eller etter opphaldet. Det kan vere gode grunnar til det i enkelte tilfelle. Det har ikkje vore endring i praksisen i Arbeids- og velferdsetaten, som handsamar søknader sendt inn i etterkant av utanlandsopphaldet på same måte som førehandssøknader. Departementet vil med denne endringa bringe ordlyden i loven i samsvar med praksis og tidlegare regulering.

Sjå lovforslaget, folketrygdlova § 8-9 tredje ledd.

### 5.3 Oppheving av ein midlertidig særregel for mottakarar av arbeidsavklaringspengar – folketrygdlova § 11-12 a

Etter forslag i Prop. 114 LS (2021–2022) *Endringar i skatte-, avgifts- og tollavgivinga m.m. og folketrygdloven (arbeidsavklaringspengar m.m.)*, jf. Innst. 449 L (2021–2022), blei det vedtatt fleire endringar i arbeidsavklaringspengeordninga frå 1. juli 2022, mellom anna fjerning av karenperiode og nytt unntak frå maksimal stønadsperiode. I tillegg blei det vedtatt ein ny § 11-12 a i folketrygdlova som ga ei overgangsordning frå 1. juli til 31. oktober 2022. Overgangsordninga blei gitt for å sikre at mottakarar ikkje blei ståande utan yting inntil rett til arbeidsavklaringspengar etter nye reglar var blitt vurdert.

Den midlertidige overgangsordninga som var heimla i folketrygdlova § 11-12 a gjeld ikkje lenger, og føresegna kan opphevast.

Sjå lovforslaget, folketrygdlova § 11-12 a.

### 5.4 Retting av lovteknisk feil i regel om barnetillegg til personar som mottek uføretrygd – folketrygdlova § 12-15

Frå 1. januar 2016 blei det som følge av lov 18. desember 2015 nr. 103 innført eit tak på summen av uføretrygd og barnetillegg i folketrygdlova § 12-15, sjå Prop. 11 L (2015–2016) *Endringer i folketrygdloven og enkelte andre lover (økning i grunnpensjon til gifte og samboende pensjonister og andre endringer)* og Innst. 106 L (2015–2016). Frå same tidspunkt blei den daverande forskriftsheimelen utvida og flytta til eit nytt siste ledd.

I samband med at det øvre taket på summen av uføretrygd og barnetillegg i § 12-15 fjerde ledd blei oppheva i lov 17. desember 2021 nr. 146 med verknad frå 1. juli 2022, sjå Innst. 68 L (2021–2022), blei ein regel om barnetillegg for fosterbarn flytta frå sjetten til femte ledd, medan forskriftsheimelen blei flytta frå sjuande til sjetten ledd.

Våren 2021 vedtok Stortinget ny barnevernlov (lov 18. juni 2021 nr. 97). I lovforslaget, Prop. 133 L (2020–2021) *Lov om barnevern (barnevernsloven) og lov om endringer i barnevernloven*, foreslo Barne- og familiedepartementet å justere regelen om barnetillegg for fosterbarn i daverande sjetten ledd første punktum i folketrygdlova § 12-15, for å vise til den nye barnevernlova. Denne endringa i § 12-15 tredde i kraft 1. januar 2023, utan at ein var merksam på at regelen i

mellomtida var flytta frå sjetten til femte ledd. Endringa blei dermed gjort i feil ledd, og det som skulle vore eit nytt første punktum i det tidlegare sjetten leddet blei eit nytt sjetten ledd. Forskriftsheimelen i tidlegare sjuande ledd som hadde vore flytta opp til sjetten ledd, fall ut. Departementet foreslår derfor ei teknisk oppretting i § 12-15 femte og sjetten ledd.

Som det går fram av punkt 4 foreslår departementet å oppheve regelen om behovsprøving av barnetillegg mot barnet si eiga inntekt i § 12-15 andre ledd frå 1. juli 2024. Departementet foreslår derfor at tredje til sjetten ledd frå same tidspunkt blir nye andre til femte ledd.

Sjå lovforslaget, folketrygdlova § 12-15 femte og sjetten ledd.

### 5.5 Presiseringar i lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs i samband med at innaskjers yrkesdykkarar får endra vernelov frå skipsarbeidslova til arbeidsmiljølova

#### 5.5.1 Innleiing og bakgrunn

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår ei presisering i lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs.

Bakgrunnen for forslaget er spørsmålet om retten til medlemskap i pensjonsordninga for innaskjers yrkesdykkarar tilsett på skip under 100 tonnasjeiningar/registertonn brutto, når dykkarane ikkje lenger har skipsarbeidslova som vernelov, men arbeidsmiljølova.

Departementet sitt forslag vil sikre medlemskapen deira i pensjonsordninga.

#### 5.5.2 Gjeldande rett

*Vilkår for medlemskap i pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs*

Pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs er ei obligatorisk tenestepensjonsordning for tilsette om bord på norske skip, etablert ved lov 3. desember 1948 nr. 7.

Ordninga gjeld for private aktørar i maritim sektor, og blir i hovudsak finansiert av arbeidsgivarane og arbeidstakarane.

Pensjonsordninga blei med verknad frå 1. januar 2020 tilpassa hovudprinsippa i pensjonsreforma, jf. NOU 2014: 17 *Pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs* og Prop. 118 L (2018–2019)

*Endringer i lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjons-trygd for sjømenn m.m. (ny pensjonsordning).* Pensjonsordninga blir administrert av Maritim pensjonskasse, som er underlagd Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Pensjonsordninga omfattar i prinsippet alle arbeidstakarar som ved arbeidsforhold er knytt til og følger skip som går inn under ordninga, jf. lova om pensjonsordning for arbeidstakarar til sjøs § 1 nr. 1. Dette gjeld utan omsyn til gjeremålet til arbeidstakarane og kven dei er tilsette av. Såleis blir ikkje berre det eigentlege skipsmannskapet omfatta, men også cateringpersonale og andre grupper med personell som har arbeidet sitt om bord.

Hovudregelen i § 1 nr. 2 første ledd bokstav a bestemmer at som skip etter lova reknast alle skip, fiske- og fangstfartøy, borefartøy og anna flyttbar innretning i sjøen som har eige framdriftsmiddel eller utstyr for boring etter undersjøiske naturførekomst, og som er innført i norsk skipsregister med 100 tonnasjeiningar/registertonn brutto eller meir.

Skip under 100 tonnasjeiningar/registertonn brutto kan på nærare vilkår også bli rekna som skip etter lova, jf. § 1 nr. 2 første ledd bokstav b. Føresegna fastslår at ordninga likevel omfattar slike skip, dersom to vilkår er oppfylte: For det første må reiarlaget «disponere større skip» (minst 100 tonnasjeiningar/registertonn brutto). Det er ikkje eit vilkår at skip (a) som reiarlaget disponerer er eigd av reiarlaget. Skip (a) kan vere leigd inn på kortare eller lengre basis. For det andre må arbeidstakarane vere fast tilsette i reiarlaget etter føresegnene i lov 21. juni 2013 nr. 102 om stillingsvern mv. for arbeidstakere på skip (skipsarbeidslova), med rett og plikt til å tenestegjere på kvart av skipa til reiarlaget. Det kjem fram av skipsarbeidslova § 3-4 at sjøfolk som den klare hovudregelen skal tilsetjast fast.

### **5.5.3 Ny vernelov for innaskjers yrkesdykkarar tilsett på skip under 100 tonnasjeiningar/registertonn brutto**

Arbeidsforholda for tilsette på skip er regulert av skipsarbeidslova, sjå NOU 2012: 18 *Rett om bord – Ny skipsarbeidslov*, Prop. 115 L (2012–2013) *Lov om stillingsvern mv. for arbeidstakere på skip (skipsarbeiderloven)* og Innst. 456 L (2012–2013). Det er særreglar for skip i norsk internasjonalt skipsregister, jf. lov 12. juni 1987 nr. 48 om norsk internasjonalt skipsregister. Arbeidstidsreglane for tilsette på skip er regulert i lov 16. februar 2007 nr. 9 om skipssikkerhet.

Stortinget vedtok i mai 2021 at lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljølova) skal gjelde også for arbeidstakarar som utfører «dykkeoperasjonar», uavhengig av kva plattform det blir dykka frå, og om den som deltek i ein dykkeoperasjon frå skip er del av skipsmannskapet. Folgeleg vil fleire arbeidstakarar som er omfatta av skipsarbeidslova, bli «overførte» til arbeidsmiljølova. Formålet med lovendringa er å vareta helse, miljø og tryggleik for dykkarane og samtidig sikre eit heilskapleg tilsynsregime og tryggingssystem for all dykking i norske farvatn.

Arbeidsmiljølova § 1-2 andre ledd bokstav a fekk ved lov 7. mai 2021 nr. 29 presisert at «dykkeoperasjonar og losing» er omfatta av lova. Føresegna tredde i kraft 1. juli 2022 for så vidt gjeld losing, men elles frå den tid Kongen bestemmer, jf. forskrift 17. juni 2020 nr. 1064 og Prop. 68 L (2020–2021) *Endringer i arbeidsmiljøloven (lovens anvendelse for yrkesdykking og losing)*. Ny vernelov for innaskjers yrkesdykkarar blir dermed arbeidsmiljølova.

Departementet foreslår i Prop. 122 L (2022–2023) *Endringer i arbeidsmiljøloven (forskriftshjemmel om lovens anvendelse for dykkeoperasjonar)* å etablere ein forskriftshemmel i arbeidsmiljølova som skal opne opp for at yrkesdykkarar som var omfatta av vernereglane i skipsarbeidslova, skal kunne få behalde enkelte rettar dei hadde under skipsarbeidslova, når dei no skal overførast til vernereglane i arbeidsmiljølova. Saka er for tida til behandling i Arbeids- og sosialkomiteen på Stortinget. I proposisjonen punkt 4.4.3 føreset departementet at retten til medlemskap i pensjonsordninga skal behaldast for arbeidstakarar som i kraft av lovvedtaket blir overførte til arbeidsmiljølova.

### **5.5.4 Vurdering og forslag**

Departementet viser til at Sjømat Norge m.a. har tatt opp at det må avklarast om lovvedtaket frå Stortinget kan innebere ei svekking av dei aktuelle arbeidstakarane sin rett til alderspensjon etter lova om pensjonsordning for arbeidstakarar til sjøs.

Utgangspunktet for rett til medlemskap i pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs, er noko forenkla at ein må vere tilsett som arbeidstakar på eit skip registrert i norsk skipsregister med minst 100 tonnasjeiningar/registertonn brutto. Her krevst ikkje at tilsetjinga skal skje etter ei bestemd vernelov. Dykkarar som oppfyller desse vilkåra, vil derfor ikkje bli råka av omleg-

ginga til ny vernelov. Dykkarar som er tilsette om bord på skip under 100 tonnasjeiningar/registertonn brutto *før* arbeidsmiljølova § 1-2 andre ledd bokstav a blir sett i verk med verknad også for «dykkaroperasjonar», vil heller ikkje bli råka. Spørsmålet er dermed om innaskjers yrkesdykkarar som blir tilsette om bord på skip under 100 tonnasjeiningar/registertonn brutto *etter* at endringa i arbeidsmiljølova er sett i verk, har rett til medlemskap i pensjonsordninga.

Departementet legg til grunn at det ikkje har vore tilsikta at arbeidstakarar som blir omfatta av lovvedtaket frå Stortinget, av den grunn skal få svekte pensjonsrettar etter lova om pensjonsordning for arbeidstakarar til sjøs.

Departementet viser vidare til at denne lova allereie omfattar arbeidstakarar som har arbeidsmiljølova som vernelov (m.a. borefartøy i petroleumsværksemnda), jf. hovudregelen i § 1 nr. 2 første ledd bokstav a.

Departementet føreset på denne bakgrunnen at retten til medlemskap i ordninga skal haldast oppe for arbeidstakarar som i kraft av lovvedtaket er omfatta av arbeidsmiljølova.

Maritim pensjonskasse gir overfor departementet uttrykk for at det vil vere informativt overfor partane i ordninga og formålstenleg å presisere dette i lova. Departementet er einig med pensjonskassa og foreslår derfor at § 1 nr. 2 første ledd får ei presisering, slik at det av bokstav b kjem fram at også arbeidstakarar som er fast tilsette om bord og omfatta av arbeidsmiljølova § 1-2 andre ledd bokstav a, er medlemmar i pensjonsordninga.

Sjå lovforslaget, lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs § 1 nr. 2 første ledd.

### 5.5.5 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at lovendringa tar til å gjelde frå den tida Kongen fastset. Forslaget har ingen økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 5.6 Presisering i tilleggslov til lov om Statens pensjonskasse for medlemmer av Høgsterett

### 5.6.1 Innleiing og bakgrunn

Pensjonsrettar for dommarar i Høgsterett og deira etterlatne er regulert i lov 21. mai 1982 nr. 25 som ei tilleggslov til lov om Statens pensjonskasse. Til-

leggslova (heretter kalla høgsterettspensjonslova) omfattar dei som er utnemnde til medlemmar av Høgsterett før 1. januar 2011, medan dei som er utnemnde i 2011 eller seinare følger den ordinære pensjonsordninga i Statens pensjonskasse. Etter høgsterettspensjonslova skal pensjonsrettane vere som etter lov om Statens pensjonskasse, men det er gitt særreglar om oppteningstid, pensjonsgrunnlag og nivå på ytinga.

I Prop. 87 L (2018–2019) *Endringer i lov om Statens pensjonskasse, samordningsloven og enkelte andre lover (ny tjenestepensjon for ansatte i offentlig sektor)*, som førte fram til lovendringa om nye oppteningsreglar for offentlig tenestepensjon (påslagspensjon), blei det uttala at det er behov for å avklare nærare korleis høgsterettspensjonslova skal bli tilpassa dei nye reglane for dei som er fødd i 1963 eller seinare. Utan ei tilpassing er det uklart om desse skal følge dei gamle reglane om bruttopensjon som krev samordning med pensjonen frå folketrygda etter samordningslova, eller dei nye reglane om påslagspensjon der pensjonen ikkje skal bli samordna med pensjonen frå folketrygda.

### 5.6.2 Gjeldande rett

Den særskilde pensjonsordninga for medlemmar av Høgsterett har opphaveleg bakgrunn i lov 9. november 1956 om tillegg til lov om Statens pensjonskasse av 28. juli 1949. Lova bestemte at pensjonsgjevande tenestetid for dommarar i Høgsterett skulle bli auka med inntil 10 år. Ved tilleggslova frå 1982 blei særregelen om ekstra oppteningstid utvida til 15 år. Samtidig blei det gitt særreglar om pensjonsgrunnlag. Nivået for bruttopensjonen skulle utgjera 57 prosent av godtgjeringa som er fastsett for dommarar i Høgsterett. Særreglane blei grunnleggjande både i Høgsterett si konstitusjonelle rolle og i rekrutteringa til domstolen, sjå Ot.prp. nr. 32 (1981–82) *Om lov om tillegg til lov 28. juli 1949 om Statens pensjonskasse* side 1. Det blei særleg påpeika at ein burde sikre at privatpraktiserande advokatar også kunne sjå seg tent med å søke ledige embete.

### 5.6.3 Vurderingar og forslag

Departementet har vurdert om høgsterettspensjonslova skal følge reglane om bruttopensjon etter kapittel 5 eller påslagsordninga etter kapittel 5 a i lova om Statens pensjonskasse for dei som er fødte etter 1962.

Departementet har vurdert ei tilpassing der den ekstra pensjonsgivande tenestetida på 15 år

inngår i utrekninga av oppsett bruttopensjon for tida før 2020, og at oppteninga frå 2020 held fram etter kapittel 5 a. Denne tilpassinga kan ha uheldige sider ved at dommaren kan få ein lågare tenestepensjon samanlikna med å behalde bruttoordninga slik ho er i dag.

Departementet meiner at ei ordning der alderspensjon blir berekna etter kapittel 5, med dei tilpassingane som følger av tilleggslova, vil vere den beste løysinga. I denne løysinga med vidare opptening i bruttoordninga vil alderspensjonen vere basert på det same pensjonsgrunnlaget og pensjonsprosenten som i dag, samtidig som oppteningstida blir auka med inntil 15 år for medlemmar som står i embetet fram til 67 år. Sidan særreglane etter tilleggslova er historisk grunnlagt ut frå Høgsterett si konstitusjonelle rolle og i rekrutteringa til domstolen, foreslår departementet at dei som er omfatta av høgsterettspensjonslova, får vidareført gjeldande bruttoordning for alderspensjon.

Høgsterett har i notat 25. november 2022 gitt sitt syn på saka. Dei støttar forslaget her om at høgsterettsdommarane som er omfatta av høgsterettspensjonslova og som er fødte i 1963 eller seinare, får alderspensjon etter bruttoordninga.

Det blir også gjort framlegg om endringar i lova av presiserande og opprettande art.

Sjå lovforslaget, høgsterettspensjonslova §§ 1, 2, 3 og 4.

#### **5.6.4 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar**

Departementet foreslår at endringane tar til å gjelde 1. januar 2024. Endringane har venteleg ikkje nokon økonomiske konsekvensar.

### **5.7 Retting av feil i lov 18. desember 2020 nr. 139 om endringar i folketrygdloven (nye etterlatteytelser) § 18-3 andre ledd bokstav b**

Det er behov for å rette ein feil i lov 18. desember 2020 nr. 139 om endringar i folketrygdloven (nye etterlatteytelser).

Etter folketrygdlova § 18-3 første ledd er det eit vilkår for rett til barnepensjon at barnet er medlem i trygda. Andre ledd til paragrafen har reglar om unntak frå dette kravet. Eit av unntaka er når den avdøde har mindre enn 20 års butid, men har opptent rett til tilleggspensjon, sjå § 18-3 andre ledd bokstav b. I slike tilfelle ytast det

barnepensjon sjølv om barnet ikkje er medlem i trygda, noko som ofte omtalast som «eksport».

Reglar om tilleggspensjon er gitt i folketrygdlova kapittel 3. Etter § 3-8 andre ledd første punktum er det eit vilkår for rett til tilleggspensjon at vedkommande har fem poengår. Kravet om kor mange poengår ein treng for å kunne få tilleggspensjon, blei endra med verknad frå 1. januar 2021. Endringa var ein del av ei større omlegging av krava om butid og periodar med opptening for å få ytingar etter folketrygdlova kapitla 11, 12, 15, 16, 17, 18, 19 og 20. Medan det tidlegare var eit krav om tre års butid eller opptening for å kunne få desse ytingane, blei det frå 1. januar 2021 stilt krav om fem års butid eller opptening, sjå Prop. 10 L (2019–2020) *Endringar i folketrygdloven og enkelte andre lover (samleproposisjon høsten 2019)*.

I lov 18. desember 2020 nr. 139 om endringar i folketrygdloven, som enno ikkje er tredd i kraft, er det gitt reglar om nye etterlatteytningar. Det er her vedteke endringar i folketrygdlova § 18-3 andre ledd bokstav b. Slik føresegna lyder her, skal det gjerast unntak frå kravet om medlemskap i folketrygda dersom den avdøde har mindre enn 20 års butid, men har minimum tre år med pensjonsgjevande inntekt som overstig grunnbeløpet. Av merknadene til lovendringa, sjå Prop. 13 L (2020–2021) *Endringar i folketrygdloven (nye etterlatteytelser)* punkt 8, kjem det fram at endringa var tilpassa innføringa av ny alderspensjon i folketrygdlova kapittel 20. Det er vist til at barnepensjon kan eksporterast både på grunnlag av opptent tilleggspensjon og inntektspensjon, men at det er ein føresetnad for eksport at den avdøde hadde opptening på eit nivå som ville gitt rett til tilleggspensjon etter folketrygdlova kapittel 19. Denne lovendringa blei vedteken i desember 2020, medan det framleis gjaldt eit krav om tre poengår for å kunne få tilleggspensjon. At det da allereie var vedteke at kravet om butid eller opptening skulle aukast frå tre til fem år, blei ved ein inkurie ikkje tatt i betraktning da lovforslaget blei lagt fram.

Barnepensjonen er vesentleg styrkt gjennom etterlatnereforma, både med omsyn til storleiken og varigheita til pensjonen. Departementet legg til grunn at det ikkje har vore tilsikta at det med reforma skal gjelde et meir lempeleg krav for eksport av barnepensjon enn det som gjeld no, og det som gjeld for andre ytingar i folketrygda. Departementet foreslår derfor at lov 18. desember 2020 nr. 139 § 18-3 andre ledd bokstav b blir endra, slik det blir gjort unntak frå kravet om framleis medlemskap i folketrygda dersom den



avdøde har minimum fem år med pensjongsjevande inntekt som overstig grunnbeløpet. Forslaget har ikkje vore på høyring da det må reknast som openbert unødvendig, jf. utgreiingsinstruksen punkt 3.3.

Ved kongeleg resolusjon 16. juni 2023 er det fastsett at lov 18. desember 2020 nr. 139 trer i kraft

1. januar 2024. Sidan lova enno ikkje er i kraft, trer endringa i § 18-3 andre ledd bokstav b i kraft straks.

Sjå lovforslaget, lov 18. desember 2020 nr. 139 § 18-3 andre ledd.

## 6 Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget

### 6.1 Endringa i lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs

---

#### Til § 1

Endringa i § 1 nr. 2 første ledd bokstav b klargjer at arbeidstakarar som blir overført frå skipsarbeidslova til arbeidsmiljølova i kraft av endringa i arbeidsmiljølova § 1-2 andre ledd bokstav a (jf. lov 7. mai 2021 nr. 29), ikkje av den grunn skal miste rettar etter lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs. Vilkåra i føresegna elles først vidare.

Arbeidsmiljølova § 1-2 andre ledd bokstav a gjeld både dykkaroperasjonar og losing. Endringa i § 1 nr. 2 første ledd bokstav b vil i praksis likevel berre gjelde førstnemnde. Losar er tilsette i Kystverket og dermed medlemmar i Statens pensjonskasse. Medlemmar i Statens pensjonskasse kan ikkje vere medlemmar i pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs, jf. § 2 nr. 2 første ledd.

Sjå punkt 5.5.

### 6.2 Endringane i lov om folketrygd

---

#### Til § 4-6

Folketrygdlova § 4-6 fjerde ledd gir departementet ein midlertidig heimel til å gi i forskrift om at dagpengar utan hinder av § 4-6 første ledd kan kombinerast med utdanning og opplæring. Høvet til å fråvike første ledd gjaldt fram til 1. oktober 2021, og må derfor opphevast.

Sjå punkt 5.1.

#### Til § 4-9

Folketrygdlova § 4-9 gjeld ventetid i form av ein eigenandel som blir trekt i den eller dei første dagpengeutbetalingane. Eigenandelen skal svare til tre gongar dagsatsen til den enkelte medlemmen, jf. folketrygdlova § 4-12. Eit eventuelt barnetillegg blir rekna som ein del av dagpengesatsen, og tel med i dagsatsen ved berekninga av eigenandelen. For dei medlemmane som også får folketrygdytingar som blir samordna etter reglane i folke-

trygdlova §§ 4-24 og 4-25, er det den reduserte dagsatsen som skal leggest til grunn for berekninga av eigenandelen.

Sjå punkt 2.

#### Til § 4-16

Folketrygdlova § 4-16 gjeld retten til å ta opp att ein ikkje avslutta stønadsperiode etter avbrot i inn-til 52 veker. Ein kan ta opp att stønadsperioden utan at kravet til minsteinntekt etter § 4-4 blir prøvd på nytt, og utan ny berekning av dagpengegrunnlaget etter § 4-11. Ny berekning av dagpengegrunnlaget gjerast etter første ledd andre punktum, når stønadsperioden har vore broten fordi medlemmen har arbeidd i 12 veker eller meir. Arbeids- og velferdsetaten har i lang tid hatt ein praksis som inneber at dagpengegrunnlaget alltid blir fastsett på nytt når ein medlem tar opp att ein stønadsperiode etter å ha arbeidd i minst 12 veker, og reberekninga er til gunst for mottakaren. Ordlyden i § 4-16 første ledd andre punktum blir derfor endra slik at den samsvarar med praksis.

Sjå punkt 3.

#### Til § 8-9

Folketrygdlova § 8-9 gjeld krav til opphald i Noreg mv. for rett til sjukepengar. Ved ein inkurie blei kravet til søknad om sjukepengar ved opphald utanfor Noreg (og EØS mv.) i tredje ledd fjerde punktum endra frå eit generelt søknadskrav til eit krav om søknad på førehand ved ein lovendring i 2022. Dette blir retta opp i slik at søknad om sjukepengar også kan sendes inn undervegs eller etter utanlandsopphaldet.

Sjå punkt 5.2.

#### Til § 11-12 a

Føresegna heimlar ei midlertidig overgangsordning for perioden frå og med 30. juni til og med 31. oktober 2022. Ordninga gjeld ikkje lenger, og føresegna kan opphevast.

Sjå punkt 5.3.

*Til § 11-20*

Tredje ledd gjeld rett til barnetillegg til mottakarar av arbeidsavklaringspengar som forsørger barn. Føresegna i *andre punktum* om at barnet ikkje blir sett på som forsørga viss det har inntekt større enn grunnbeløpet, eller har rett til barnepensjon, blir oppheva. Endringa inneber at barnetillegget blir gitt uavhengig av inntekt/barnepensjon hos barnet.

Noverande tredje og fjerde punktum blir *andre* og *tredje punktum*.

Sjå punkt 4.

*Til § 12-15*

Føresegna gjeld rett til barnetillegg til mottakarar av uføretrygd som forsørger barn. Føresegna i *andre ledd* om at det ikkje blir gitt barnetillegg viss barnet har inntekt større enn grunnbeløpet, blir oppheva frå 1. juli 2024. Endringa inneber at barnetillegget blir gitt uavhengig av inntekt hos barnet.

Som følge av ein inkurie har den tidlegare forskriftsheimelen i sjetle ledd falle ut, og barnetillegg for fosterbarn er omtalt i både femte og sjetle ledd. Noverande *femte ledd første punktum*, som viser til den gamle barnevernlova, blir oppheva. Sjetle ledd blir *femte ledd første punktum*, og noverande femte ledd *andre punktum* blir ståande. Forskriftsheimelen kjem inn att i lova i nytt *sjetle ledd*. Desse endringane skal tre i kraft straks.

Når *andre ledd* blir oppheva 1. juli 2024, blir tredje, fjerde, femte og sjetle ledd flytta til *andre*, *tredje*, *fjerde* og *femte ledd*.

Sjå punkt 4 og 5.4.

### 6.3 Endringane i lov om tillegg til lov om Statens pensjonskasse

*Til § 1*

*Første ledd andre punktum* er nytt og slår fast at lova gir pensjonsrett etter lova om Statens pensjonskasse, men med dei tilpassingane som kjem fram av tilleggsløva.

Sjå punkt 5.6.

*Til § 2*

Endringa i *første ledd* presiserer at alderspensjonen skal bli berekna etter kapittel 5 i lova

om Statens pensjonskasse. Frå 1. januar 2020 er det to kapittel for berekning av alderspensjon, kapittel 5 og kapittel 5 a, og endringa slår fast at kapittel 5 skal gjelde for berekning av alderspensjon etter høgsterettspensjonslova.

Sjå punkt 5.6.

*Til § 3*

I eit nytt *første ledd* blir det slått fast i *første punktum* at alderspensjon skal bereknast etter kapittel 5 i lova om Statens pensjonskasse, med dei tilpassingane som følgjer av *andre* til fjerde ledd. Første ledd *andre punktum* gjer det tydeleg at lova om Statens pensjonskasse kapittel 5 a ikkje gjeld for dommarane i Høgsterett som er fødd etter 1962.

Noverande første til tredje ledd blir nye *andre* til *fjerde ledd*. Noverande fjerde ledd om regulering av alderspensjon blir flytta til § 4.

Sjå punkt 5.6.

*Til § 4*

Nytt *første ledd* er det tidlegare fjerde ledd i § 3. Leddet er flytta da § 3 gjeld tilpassing til lova om Statens pensjonskasse, medan reguleringsføresegna ikkje er ein slik tilpassingsregel.

Noverande første ledd blir nytt *andre ledd*, med ein liten språkleg endring av ordet «lov».

Sjå punkt 5.6.

### 6.4 Endringa i lov 18. desember 2020 nr. 139 om endringer i folketrygdloven

*Til § 18-3*

I paragrafen, som enno ikkje er i kraft, er det gitt reglar om krav om opphald i Noreg for rett til barnepensjon og om unntak frå kravet. Etter *andre ledd bokstav b* slik leddet lyder no, skal det gjerast unntak frå kravet om opphald i Noreg dersom den avdøde har mindre enn 20 års butid, men har minimum tre år med pensjonsgjevande inntekt som overstig grunnbeløpet. Regelen skal svare til reglane om poengår for opptening av tilleggspensjon i alderspensjon i folketrygdlova. Det kravet blei auka frå tre til fem år frå 1. januar 2021. Det blir derfor foreslått å endre § 18-3 *andre ledd bokstav b* tilsvarande.

Sjå punkt 5.7.

## 6.5 Føresegna om ikraftsetjing og overgangsreglar

---

I del V i lova er det gitt føresegner om når lova tar til å gjelde og overgangsreglar. Det går fram av nr. 1 til 5 kva for ikraftsetjing dei ulike lovendingane skal ha. I tillegg går det fram av nr. 2 at departementet får ein forskriftsheimel til å gi overgangsreglar til folketrygdlova § 4-9.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2024).

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2024) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til lov om endringer i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2024)

#### I

I lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs skal § 1 nr. 2 første ledd bokstav b lyde:

- b. Skip under 100 tonnasjeenheter/registertonn brutto som er innført i norsk skipsregister, dersom rederiet samtidig disponerer større skip som går inn under bokstav a, og arbeidstakerne om bord er fast ansatt i rederiet i *medhold av* skipsarbeidsloven eller *arbeidsmiljøloven § 1-2 andre ledd bokstav a*, med rett og plikt til å tjenestegjøre på samtlige av rederiets skip,

#### II

I lov 21. mai 1982 nr. 25 om tillegg til lov 28. juli 1949 om Statens pensjonskasse skal disse endringane gjerast:

§ 1 nytt andre punktum skal lyde:

Loven gir pensjonsrett etter lov om Statens pensjonskasse, med de tilpasninger som følger av loven her.

§ 2 første ledd skal lyde:

For medlem av Høyesterett som fratrer sitt embete etter fylte 67 år, skal tjenestetiden ved *beregningen av alderspensjon etter kapittel 5 i lov om Statens pensjonskasse* forhøyes med inntil 15 år.

§ 3 første ledd skal lyde:

*Alderspensjon skal beregnes etter lov om Statens pensjonskasse kapittel 5, med de tilpasninger som følger av paragrafen her. Lov om Statens pensjonskasse kapittel 5 a gjelder ikke for dem som er født etter 1962.*

Noverande første til tredje ledd blir andre til fjerde ledd.

Noverande fjerde ledd blir oppheva.

§ 4 skal lyde:

*Pensjoner etter denne loven reguleres etter lov om Statens pensjonskasse § 42.*

Reglene i denne loven gjelder også tidligere medlemmer av Høyesterett og deres etterlatte.

#### III

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd skal disse endringane gjerast:

I innholdslista i kapittel 4 skal tiande strekpunkt lyde:

- *beregning av egenandel og ventetid* står i §§ 4-9 og 4-10

§ 4-6 fjerde ledd blir oppheva.

§ 4-9 skal lyde:

§ 4-9. *Egenandel*

*Etter at dagpengene er innvilget, beregnes det en egenandel på tre ventedager. Egenandelen tilsvarer tre ganger medlemmets dagsats medregnet eventuelt barnetillegg, jf. § 4-12, og går til fradrag i medlemmets første dagpengeutbetalinger.*

*For medlemmer som får dagsatsen redusert etter §§ 4-25 og 4-26, beregnes egenandelen etter første ledd på grunnlag av den reduserte dagsatsen.*

§ 4-16 første ledd andre punktum skal lyde:

Et medlem som har hatt avbrudd i stønadsperioden på grunn av arbeid i 12 uker eller mer, får fastsatt dagpengegrunnlaget på nytt dersom det er til gunst for medlemmet.

§ 8-9 tredje ledd fjerde punktum skal lyde:

Medlemmet må søke Arbeids- og velferdsetaten om godkjenning av oppholdet.

§ 11-12 a blir oppheva.

§ 11-20 tredje ledd andre punktum blir oppheva.

§ 12-15 femte og sjette ledd skal lyde:

Barnetillegg for fosterbarn (se barnevernsloven § 9-1) ytes dersom mottakeren har forsørget barnet i de siste to årene før krav om tillegg blir satt fram. *Dette vilkåret kan fravikes når særlige grunner gjør det rimelig.*

*Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om gjennomføring av bestemmelsene i denne paragrafen.*

§ 12-15 andre ledd blir oppheva. Tredje til sjette ledd blir samtidig andre til femte ledd.

#### IV

I lov 18. desember 2020 nr. 139 om endringer i folketrygdloven del I skal § 18-3 andre ledd bokstav b lyde:

- b. den avdøde har mindre enn 20 års botid, men har minimum *fem* år med pensjonsgivende inntekt som overstiger grunnbeløpet, eller

#### V

1. Del I gjeld frå den tida Kongen fastset.
2. Del II og endringa i folketrygdlova § 4-9 under del III gjeld frå 1. januar 2024. Departementet kan gi forskrifter om overgangsreglar.
3. Endringa i folketrygdlova § 11-20 under del III gjeld frå 1. februar 2024.
4. Opphevinga av folketrygdlova § 12-15 andre ledd og omnummereringa av dei påfølgjande ledda under del III gjeld frå 1. juli 2024.
5. Del IV og endringane i § 4-6 fjerde ledd, § 4-16 første ledd andre punktum, § 8-9 tredje ledd, § 11-12 a og § 12-15 femte ledd og sjette ledd under del III gjeld straks.





